




VINJE KOMMUNE

Tenestetorget

Melding om vedtak

Aasmund Ambros Vasshus
Neslandsvegen 142

3864-Rauland



Delegert sak nr. 16/75

Sakshandsamar	Saksnr.	Løpenr.	Gnr/Bnr	Dato
KOLOD	2016/773	6836/2016	143/1	21.03.2016

143/1 - Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett – tilbygg bustad.

Løyve til tiltak, jf. plan- og bygningslova (pbl) § 20-4

TILTAK: Nye bygg og anlegg - tilbygg, påbygg, underbygg
TILTAKETS ADRESSE: Neslandsvegen 142, 3864 RAULAND
EIGEDOM: Gnr 143 bnr 1 i Vinje kommune
TILTAKSHAVAR: Aasmund Ambros Vasshus, Neslandsvegen 142,
3864 Rauland
BRA (NS 3940): 4,2 m²
BYA (NS 3940): 6,4 m²

VEDTAK

Søknaden vert godkjent på følgjande vilkår, jf. saksutgreinga.

Tiltakshavar har ansvar for at tiltaket blir utført i samsvar med plan- og bygningslova med forskrifter.

Bakgrunn:**Referanse:**

Kommunedelplan Rauland, LNF-område med høve for spreidd bustad- og yrkesbygg.

Tidligere byggesak, saksmappenr. (jnr.) 2009/2037

Grunnlag for handsaminga:

Søknad om løyve til tiltak etter pbl § 20-4 registrert 18.03.2016. Søknaden er dokumentert i samsvar med søknadsskjema datert 15.03.2016, jf. saksmappenr. (jnr.) 2016/773-1 med vedlegg.

Naboar er varsla 29.02.2016.

Det har ikkje kome inn nabomerknadar til Vinje kommune innan fristen. Det er heller ikkje oppgjeve nabomerknadar frå tiltakshavar.

Tiltak:

Tiltaket gjeld tilbygg til bustad. Nærare utgreiing av tiltaket er gjeve i søknadsskjema med vedlegg.

Tiltaket er vurdert til å vera i samsvar med kommunedelplanen og intensjonane i denne. Dokumentasjon etter pbl § 21-2 ser ut til å vera tilfredsstillande.

Vilkår:

Før tiltaket vert teke i bruk må ein søke om ferdigattest eller mellombels bruksløyve jf. pbl § 21-10, SAK10 §§ 8-1 og 8-2.

Tiltaket må oppfylle tekniske rammevilkår som gjeve i pbl og forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK10).

Bygge- og riveavfall skal leverast godkjend avfallsdeponi. Krav til handsaming av avfall er gjeve i TEK10, kap. 9 og i Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall, jf. avfallsforskrifta.

Om tiltaket ikkje er påbyrja innan 3 år, eller innstillast for lengre enn 2 år etter at løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. pbl § 21-9.

Handsamingsgebyr:

Løyve til tiltak etter pbl § 20-4: 4.800,-

Arealgrunnlag: BRA/BYA = 4,2 m² / 6,4 m²

Jf. gebyrregulativ 01.07.2010 (sist oppdatert 01.01.2015) for byggesakshandsaming i kommunen. Gebyret skal vera betalt innan forfallsdato. Faktura vert ettersendt.

Konklusjon:

Vilkåra etter pbl § 20-4 med dokumentasjonskrav etter pbl § 21-2 ser ut til å vera i orden, slik at ein kan gje løyve til tiltaket i samsvar med pbl § 21-4.

Ein kan klage på vedtaket innan 3 veker i samsvar med § 1-9 i plan- og bygningslova. Klaga skal ein sende til Vinje kommune. Sakshandsamar kan gje nærare opplysningar om klageretten.

Med helsing
Oddvin Kollbotn
byggesakshandsamar

Brevet er sendt elektronisk og har difor ingen signatur.